

Noregs vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091
0301 OSLO

15.07.2016

Dykkar ref: kast

Vår ref: H. Stadheim

Endringssøknad for 132 kV kabel i ut frå Lidal transformatorstasjon.

Vi syner til anleggskonsesjon av 29. juni 2009. Referanse nr NVE 200603989 og NVE 200700139 vedkomande mellom anna bygging av ein 14 km lang luftleidning frå Lidal transformatorstasjon til Grindsdalen transformatorstasjon med spenning 132 kV. Inkludert i luftleidningen er ein ca 200 – 300 meter lang jordkabel frå Lidal transformatorstasjon og opp til kabelendemast, med nominell spenning 132 kV og tverrsnitt 400 mm².

Denne kabelen vert i hovudsak montert i fjellsjakt mellom Lidal transformatorstasjon og kabelendemasta men med ei kort grøft i lausmassar mellom sjakt og kabelendemast.

Sognekraft fekk i juni 2016 løyve til utbygging av Leikanger kraftverk – ei utbygging med effektproduksjon på ca 76 MW. Frå dette kraftverket skal det leggjast ein 132 kV kabel, 630 mm² i sjakt fram til kabelendemasta.

Det er rasjonelt for Sognekraft å nytte same tverrsnitt på 132 kV kablane i Lidal og Leikanger. Dette av di det er utfordrande og kostbart å få tak i så korte lengder som det er aktuelt å bruke for tilknytning av dei to kraftverka.

Sognekraft søker hermed om løyve til endring av anleggskonsesjonen som omhandlar 132 kV jordkabelen ved Lidal transformatorstasjon slik at denne får tverrsnitt på 630 mm².

Vi håper på positiv utfall på søknaden.


Med helsing



Harald Stadheim

-nettsjef-

Vedlegg: Kart som syner kabelsjakt for 132 kV kabel mellom Lidal transformatorstasjon og kabelendemast.



Kart over masteplassing og kabelsjakt / borhol.